

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet
Kopi:

Vedlegg nr. 6 b

Saksbehandlar/telefon:
Kari Gåsemyr / 957 68 004
Vår dato: 20.03.2026

Sak 15/26 Tildelingar så langt i avtaleperioden

Løyvingar frå staten til Miljøløftet i perioden 2019-2026

I avtaleperioden (2019-2029) er det sett av i gjennomsnitt 408 mill. årleg i statlege post 30-midlar, 314 mill. årleg i statlege post 66-midlar og 270 mill. årleg i fylkeskommunale midlar. Beløpa er i 2020-kr og skal indeksregulerast. Det vi ser er at det særleg har vore utfordrande å bruke opp midlane på post 30 innan utløpet av avtaleperioden. Partane i Miljøløftet vil peike på at staten har medverka til at prosjekt har blitt utsett og dermed at midlar i avtalen ikkje har blitt nytta.

Sekretariatet har utarbeidd tabellen under som viser utviklinga i finansiering av post 30-prosjekt i Miljøløftet frå 2019 til 2026. Formålet med tabellen er å synleggjere planlagt aktivitet i Miljøløftet dei aktuelle åra (handlingsprogrammet), sett opp mot det som er blitt løyva over statsbudsjettet. Det er også eit poeng å få fram opphavlege (indeksjusterte) avtalebeløp dei ulike åra. Dette for å gi eit samanlikningsgrunnlag mellom faktiske løyvingar og ambisjonsnivået til avtalen.

Post 30	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Totalt
Avtalebeløp	398	408	419	429	453	474	495	513	3 590
Handlingsprogram gjeldande år	338	390	459	547	531	338	396	321	3 320
Statleg løyving	335	416	395	413	506	263	348	274	2 950
Differanse HP - Løyving	-3	26	-64	-134	-25	-75	-48	-47	

Tabellen viser at det totale avtalebeløpet frå 2019-2026 er på om lag 3,6 mrd. Faktiske løyvingar i same periode er totalt 2,95 mrd., det vil seie en differanse på vel 600 mill. Innspela til Miljøløftets årlege handlingsprogram summerer seg til 3,3 mrd. Miljøløftet har gjennom heile avtaleperioden fått lågare statlege løyvingar enn det som har vore planlagt aktivitet i handlingsprogramma, med unntak av eitt år.

Prosjektinnspela har i fem av åtte år vore innanfor den årlege ramma som ligg til grunn, medan dei faktiske statlege løyvingane som oftast har vore lågare enn avtalebeløpet. I både 2021 og 2024 blei det berre løyvd midlar til bundne prosjekt i statsbudsjettet. Dette førte til at nye prosjekt som var klare for byggestart – hovudsakleg på fylkes- og kommunalveg – ikkje kom i gang som planlagt.

At staten over fleire år har løyvd mindre enn det som er spelt inn i handlingsprogrammet, har ført til forseinkingar i framdrifta for fleire prosjekt. Fylkeskommunen, som er ansvarleg for kostnader knytt til plan og prosjektering på mange av prosjekta, har tidlegare peikt på at det er krevjande å halde oppe framdrifta når ein fleire gongar må justere tempoet undervegs. Det er vanskeleg å stadfeste i kva omfang dette har påverka den samla prosjektaktiviteten.

Eit aspekt som tabellen over ikkje belyser, er faktisk bruk av midlane som er løyva. Det har i gjennomsnitt vore eit mindreforbruk på 122 mill. ved årsslutt i perioden 2019-2025 på denne finansieringskjelda. Mindreforbruket må sjåast i samanheng med forseinkingar i prosjektgjennomføringa. Partane har opplyst at dette i stor grad har vore knytt til planmessige og gjennomføringsmessige forhold i prosjekta, og ikkje til manglande behov for finansiering. Tabellen under viser balanse ved årsslutt til no i avtaleperioden.

Post 30	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Balanse ved årsslutt	181	129	50	-23	152	222	146